



# Utviklingsplan 2023-2024

# Frøyland skule

## Fargerik og kunnskapsrik

Trygge på at dei vaksne ser dei og passar på  
**Rause** ved å inkludera alle og ta vare på kvarandre  
**Modige** for å stå opp for seg sjølv og hjelpa ein ven





## Innhald

Innleiing .....	3
Overordna mål.....	4
Sektormål for grunnopplæringa.....	4
Overordna del av læreplanen .....	4
Kommunale strategiar, planar.....	4
Utviklingsområde 2022-2023 .....	5
Vurdering av utviklingsområda .....	5
Utviklingsområde 2023-2024 .....	5
Mål og tiltak 2023-2024 .....	6



## Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag, som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda, knytt til læringsmiljø og læringsresultat, sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

## Overordna mål


### Sektormål for grunnsopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

### Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

### Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2016-2022» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året har me hatt fokus på satsingsområde inkluderande læringsmiljø på vår skule IBS, samt «Laget rundt læraren og eleven» .

### Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2022-2023:

Læringsmiljø- Elevmedverknad

Læringsresultat- Lesing og skrivning

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdere kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

### Vurdering av utviklingsområda

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at me er gode på å kartlegge elevane sine behov og sette inn tiltak for å hjelpe eleven. Skulen vel å ha lesing som utviklingsområde framover, sjølv om elevane har hatt nokolunde stabile resultat på lesing. Ein ønskjer stabile leseresultat over tid. Frøyland skule har hatt mykje fokus på lesing og kva som fremjar lesekompetanse. Ein vil forsetje med det som er bra og vidareutvikle dette på vår skule. Me fortset òg å satse på skrivekompetanse. Skrivekompetanse er noko som har vært oppe i FAU, SU og blant pedagogane ved fleire høve. Ein har ytra bekymring for skrivekompetansen til elevane ved auka bruk av læringsbrett. Det har vore samla ønskje om å retta fokus mot dette. Ein vekslar mellom å skrive for hand og skrive på brett.

Elevane tilbakemelder at dei trivst og opplever støtte frå lærarane sine. Me må utvikla oss på å få elevane til å oppleve at dei medverkar meir og at me set inn tiltak som er forankra i teori og forskning. Dette har medført til følgjande utviklingsområde knytt til læringsresultat og læringsmiljø ved vår skule:

### Utviklingsområde 2023-2024

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2023-24:

Læringsmiljø- Elevmedverknad

Læringsresultat- Lesing og skrivning

### Innovasjon

Me testar ut ein modell etter BLT metoden, for kollegarettleing dette året. «Frøylandsmodellen» er utarbeida i «Laget rundt lærar og elev» LLE.

## Mål og tiltak 2023-2024

<b>Utviklingsområde</b> <b>Læringsresultat:</b> Lesing og skrivning <b>Læringsmiljø:</b> Elevmedverknad
<b>Status:</b> <b>Undervegsevaluering</b> av tiltak sett opp mot delmål skal gjennomførast i desember og mai.

### Lesing

Effekt mål	Resultatmål	Delmål	Tiltak Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Stoppunkt
Læringsresultet				
Elevane er funksjonelle lesarar	Alle elevar skal ha utvikling i si lesing	Alle elevar skal minimum ligge på sitt aldersadekvate SOL-nivå.	Jamleg SOL-ing og oppfølging heile året Bruk av Imal, På sporet, Aski Raski, Relemo Bruk av lesestrategiar Bruk av leselærar	SOL resultata inn i conexus haust og vår Jamleg tema på trinnmøter og trinnsamtalar med leinga
		Elevane skal ligge på nasjonalt nivå eller over på nasjonale prøver i lesing.	Bruk av bibliotek ein gong i veka for alle elevar Høgtlesing på alle nivå og ulike sjangrar Leselekse Nivådelte kurs/lesedagar Lesesiesta Råd om lesing til føresette: «Gi rom for lesing hjemme» og «Fortsatt rom for lesing hjemme»	Analyse haust og vår i PU tid

## Skriving

Effekt mål Læringsmiljø	Resultatmål	Delmål	Tiltak Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Stoppunkt
Elevane skal kunne uttrykkje seg skriftleg	Elevane skal utvikle si skrivekompetanse	Elevane skal meistre ulike skrivestrategiar og sjangrar	Systematisk arbeid med skriving i alle fag, både digitalt og på papir	Undervegsvurderingar Halvtårsvurderingar i Visma
			Systematisk bruk av kreativ skriving for dei yngste elevane	
			Øve på rettskriving og bruk av ordbok	Evalueringar og erfaringsdelingar i trinntid og i Tankesmiå halvårleg
			Digital skriving, word, O365, Showbie og Skoleskrift	
Øve på funksjonell handskrift				

## Elevmedverknad

Effekt mål Læringsmiljø	Resultatmål	Delmål	Tiltak Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Stoppunkt
Elevane opplever at dei vert høyrte i saker som handlar om dei sjølve	3.8 på elevundersøkinga	Elevane skal oppleve medverknad	Elevane er med på å foreslå korleis dei skal arbeide med faga	Utsjekk i elevsamtalen
			Elevane skal vere med å lage reglar for korleis ein skal ha det i klassen	
			Elevane får vere med å bestemme lærevenn, lesing av bøker, aktivitetar i lunsj osv.	Trivselsundersøkingar i klassane
			Bruke CL- strukturar	
Elevane medverkar i eiga læring	Elevane skal vere aktive i vurderinga av skularbeidet sitt		Elevane skal øve på kva demokrati og medverknad er	Elevundersøkinga haust
			Elevane skal vere med å vurdere skularbeidet sitt	

